
Velle Agnar Espeland

MINNEORD

SISSEL JUNE MALMEI

TERJE AARSLAND



Vår kjære kollega, tidlegare fastlege Velle Agnar Espeland, døydde den 2. april 2024, heime på garden Espeland i Bjerkreim, nær 75 år gammal.

Velle vaks opp på Espeland, saman med tre eldre systrer. Han var dermed odelsgut, men ynskte å få seg ei høgare utdanning. Etter framhaldsskulen reiste han til Bryne for å gå på Rogaland offentlege landsgymnas. Deretter bar det til Bulandet, der han underviste grunnskuleelevar. Året etter fullførte han militærtenesta. Sanitetsarbeid i militæret vekte nok ei interesse for medisinfaget. I 1970 starta han på medisnutdanninga ved Universitetet i Bergen og vart cand.med. hausten 1976.

Deretter fullførte han turnusteneste ved Stord sjukehus og distriktsturnus i Bømlo kommune. På Bømlo vart han så verande nokre år som distriktslege, før han vart tilsett som kommunelege i Bjerkreim frå 1985. Dermed flytta han tilbake til heimgarden Espeland, saman med kona Aslaug M. Undheim og sønene Torvald og Velle Kristian.

Det var i denne tida me vart kjent med Velle, og me hadde stor glede av å arbeida saman med han i mange år. Samarbeidet starta i 1993 på Vikeså i Bjerkreim og heldt frå 1999 fram i Eigersund kommune. Saman starta me i 2003 Sjukehusdoktoren legesenter ved Eigersund sjukehus.

Velle var spesialist både i allmennmedisin og i samfunnsmedisin. Som kollega var han trygg, roleg og solid. Han hadde stor fagleg tyngde og stor klokskap og var jordnær og tolmodig. Han viste stor tillit til kollegaer og medarbeidarar, var raus og lett å samarbeida med. Alle sette stor pris på han.

Arbeidskapasiteten var stor, og han arbeidde lange dagar. Han hadde stor evne til å sjå alle han møtte og gje dei merksemd, sjølv på dei travlaste dagane. Han var svært godt likt av pasientane sine. Velle hadde ein lun og trygg måte å vera på, han var humørfylt og mild. Han møtte alle med eit smil og hadde alltid gode ord å gje.

Velle ynskte å gje seg som fastlege ved nyttår 2019, men av omsyn til pasientane sine og fastlegesituasjonen i Eigersund, såg han seg nøydd til å arbeida lenger enn han hadde tenkt. Ikkje lenge etter at han vart pensjonist, vart han råka av alvorleg sjukdom. Me tykkjer det er trist at Velle ikkje fekk fleire gode år slik at han kunne bruka meir tid til familien og via seg til arbeidet heime på garden og til å vera ute i naturen, som han sette så stor pris på.

Me takkar for tida me fekk arbeida saman med Velle. Tankane våre går til Velle sine kjære, Aslaug og dei to sønene og familiane deira.

Me lyser fred over Velle sitt minne.

Publisert: 3. juni 2024. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.24.0245
Opphavsrett: © Tidsskriftet 2026 Lastet ned fra tidsskriftet.no 4. juni 2026.